

litt om serien

Galaterbrevet - nådens evangelium

Paulus skriv brev for å halde kontakten med mange av dei kristne kyrkjene han planta på sine misjonsreiser. Det var spørsmål å svare på og konflikter å løyse opp i. Paulus fulgte opp leiarar og enkeltmennesker og hjalp dei til å skjønne og leve trua på evangeliet om frelse i Jesus. Men i eitt av det første breva han skreiv, brevet til Galatarane, har Paulus ein ekstra direkte og hard tone. Ikkje lenge etter han har vore hos dei, glippe det heilt sentrale: nemlig evangeliet. «Er de gått frå vettet» spør Paulus. All glede og tryggleik, all fridom og frimod, ja heile frelsa forvitrar om de ikkje har og byggjer på det eine, sanne evangeliet eg har forkynt dykk. Sjølv om det kan vere mange innsteg til det å tru, har trua eit innhald som inga ny openbering, inga ny erfaring, ingen ny tanke eller kjensle kan gjere om på. For det som står på spel her, er om vi eigentleg frelsar oss sjølve, eller om det er Jesus som frelsar oss. Og DET skal vi grave i i denne serien.

litt om tema:

Å leve slik du trur

Paulus avsluttar brevet sitt til Galatarane med å be dei om å tjene kvarandre med omsorg. Tjen kvarandre, bær bøkene for kvarandre, skriv han. Det er heilt klart at Paulus sit bilete av omsorg strekk seg langt vidare enn blott ei god kjensle i retning naboen og dei andre søskena i trua. Kristen omsorg hentar næring og kraft frå det eine sanne evangeliet, og då vil den også strekke seg inn der den er krevjande å gje. I Omsorg vil vi også vise kvarandre til rette når vi ikkje lev ut evangeliet. Når vi ikkje lever slik vi trur, er det mest kjærlige vi kan gjere for kvarandre nettopp å hjelpe kvarandre på rett spor. Dette er ein kamp i livet - anden vs kjødet. Og Paulus plukker opp tråden att frå kapittel 5. OM kjødet vinn, forsvinn livet Anden vil gje. og har vi ikkje livet i Anden, vil både teneste og omsorg forsvinne frå trua. Berre Anden kan gjere det slik i oss at vi kan leve som vi tru.

Å leve slik du trur



Bibel

Gal 6, 1-10 Spørsmål til teksten

1. Korleis er det å vise kvarandre til rette, uttrykk for omsorg?
2. Paulus skriv at alle skal bære si eiga bær - og bøkene for kvarandre. Korleis kna dette henge saman?
3. Kva er forskjellen på å «så i kjødet» og «så i Anden»? sjå gjerne Gal 5,16-26



Fellesskap

Den ærlege samtalen:


1. Når tok du sist opp noko vanskeleg med ein ven? Korleis kjendes dette ut? Kva var motivasjonen din?
2. kallet til å tene kvarandre: korleis artar det seg i livet ditt?
3. Korleis erfarer du kampen mellom kjødet og Anden?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Truverdighet i både kven vi er og kva vi gjer vil innebære at det er samheng mellom kva vi meiner og kva vi gjer. Kven er det du er tett på som får sjå kva du trur gjennom dine val, prioriteringar og livsførsel?



Raushet

Takksam deling

Ha omsorg for alle, spesielt dine søsken i trua. Korleis kan de tene kvarandre godt i løpet av tida som ligg føre? Kan det til og med handle om å ha nokre vanskelige samtalar om livsendring og korrigeringar?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for hans omsorg for oss, at han så audmjøkt har tent oss gjennom Jesu liv, og død og oppstode.
2. Be om at Anden må gje den kjærleiken som skal til for å kunne vise kvarandre audmjøkt tilrette og dermed kalla kvarandre inn til ekte trusliv.
3. Be ein fornya evne og vilje til å lytte til det Anden seier meir enn til å lytte til eige kjøt og eige begjær.

Som kristne veks vi ved å lære å høyre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalarne, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Hørde eg?
Kva Gjer eg med det?

GALATARBREVE

NÅDENS EVANGELIUM